Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76 Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Bø

Emne: Dei "kloke" Bygdelag: Ytre Bø

Oppskr. av: Sveinung H. Lia Gard: Lia

(adresse): Bø st. Telemark G.nr. 49 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Delvis

SVAR

Sören Trondsen Kåsa ~ Bø T.
var ein kjend bygdelækjar
i det förige århundredet. Han
var f. 1802 og d. 1878. Over
honom er det i lita minnestytta
på Bø kyrkjegard reist av bygde-
folk.
Der stend:
Takknemmelige bygdefolk satte
ham denne Sten.
Frå ca. 1830 og fram til
sin dögande dag var han den
mest bruka lækjar i Bø både
til folk og fe og eg har høyrt gamle
folk som såg honom og hadde
honom til sjuke seggja „at slik
lækjar fær me ikkje meir" "
Han hadde den evne å kunne
oppmuntre folk som var redde for
og nervöse. Kom han i heimen
var sjuke på beina för kvell og
dei földe seg friske. Eg höyrde omkring
1910 ein gamal mann fortelle at "

15447

dersom ikkje Sossen Trondsen hadde
vore, så hadde eg enda på
galehuset.
Han bruka å koppe folk
og etter honom har me ord-
taket – Det gjell å setta koppa
på rette staen –
Det er vel vanskeleg
å skaffe bilete av honom,
men eg pröva

Andres Krosshaug
levde frå 1850 åra til fram
til fyrste verdens krig. Han var
gullsmed og dreiv som lækjar og
tannlege og var i sin tid
mykje söpt. Han var i Amerika
i 1880 åra og makte sua som
"lækjar" blant farmarne i
Midtvesten. Han var mykje
sökt i Bö og omkring liggjande
bygdar og det var ikkje sjeldan
han var i konfeikt med dei
verkelege lækjarar. Han var
ned stamma frå ein prest som
heite Morgenstjerne i Sauherad.
Denne hadde ei dotter som gifte
seg med gardsguten og flytte til
Selbjörg i Bö.
Kroshaug hadde mykje av
sin lærdom frå slike lægebökar
som skipsförarne hadde med seg
på seilskutene i det forrige år-
hundre



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Gunnulv Borgen levde i forrige
århh. Han kunne stemme blod.
Min bestefar Sveinung H. Lia f.
1831 d. 1903 fortalte at han i
1850 åra skamhogg seg på
Sponndvelta – det var i foten.
Til alt hell fekk dei tak i
G. Borgen og han stemde blodet
så „det sto som veggen"
Borgen lagde handa over
såret og las blodstem böna –
Bestefar fortalte mange gonger
at dersom ikkje G. Borgen hadde
gjort honom hadde han blödd
i hel.

Av utanbygds har eg høyrt
om lensmann Svensen, Seljord
mangeårig stortingsmann. Han var
så mykje omtykt at ein doktor som kom
til Seljord bad ham slutte
„ellers kom han til å svelte
i hel"
I dagbladet Varden,
Skien er det nok skrive mykje
om dette ovanfor nemde.

15417
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING